



## SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	05.10.2016	065/16

Saksbehandlar	Arkiv:	Journalpostnr.
Prestegard, Siv Helle	N - 012	16/3579

### Kommunereforma – spørsmål om kommunesamanslåing mellom Jondal, Ullensvang og Odda

#### *Dokument i saka:*

Dok.dato	Tittel
	Lovlegkontroll – avgjerd om ikkje å setje ei sak på sakslista
	Referat frå møte mellom gruppeleiarane i Jondal og ordførar 27.09.2016
	Spørsmål om tolking av kommuneloven §32 nr. 1 – Ny handsaming av avgjerd om kommunesamanslåing
	Svar frå KS-advokater
	Spør om vurdering av framgangsmåte i saka.
	Svar på varsel om motteke krav om lovlegkontroll – Jondal – Kommunelov – Saksliste – Kommunereform
	Varsel om motteke krav om lovlegkontroll – Jondal – Kommunelov – Saksliste – Kommunereform
	Om kravet om ny handsaming av Jondal kommune sitt vedtak i kommunereformen.
	Fleirtalet sitt krav om at kommunereformsaka vert ført opp for ny handsaming
	Spørsmål om tolking av kommuneloven §32 nr. 1

	Spørsmål om rådgjeving – kommunelova – oppattaking av sak i kommunestyret
	Spørsmål om kommunelov – krav om ny handsaming
	Tilbakemelding – Spørsmål om kommunelov
	Grunngjeve spørsmål til ordføreren til formannskapsmøte 14.09.2016
	Spørsmål om å ta opp igjen sak om kommunesamanslåing – førebels tilbakemelding
	Notat frå telefonsamtale med Hugo Morken hjå Fylkesmannen i Hordaland
	Møtenotat styringsgruppemøte 19. august på Meieriet mellom Odda og Ullensvang med representasjon frå A, H og KrF i Jondal
	Prosjekt Offentlege arbeidsplasser i Odda, Ullensvang og Jondal
	Refusjon av utgifter til informasjonstiltak om kommunesamanslåing
	Krav om ny behandling av Jondal kommunestyre sitt vedtak i kommunereforma
	Opprop for å få ny handsaming i Jondal kommunestyre av saka om kommunestruktur i Jondal kommune
	Svar på spørsmål om det er formkrav ved krav om å få sett ei sak opp på saklista.
	Vedkomande Artikkel i HF Samlar underskrifter til støtte for reformomkamp i Jondal
	Svar på mail vedkomande Opprop om ny handsaming av kommunestruktursaka.
	Vedkomande artikkel i HF 19.8.2016
	Underskriftsliste –Opprop for å få ny handsaming i Jondal kommunestyre
	Kommunereforma Felles styringsgruppemøte 19. august i Odda
	Søknad om tilskot til informasjonstiltak frå Odda kommune – div kostnader felles informasjonsavis

	Felles styringsgruppemøte 19.08.2016 med Odda, Jondal og Ullensvang
	Kommunereforma Felles styringsgruppemøte 19. august i Odda
	Melding om vedtak i Ullensvang heradsstyre 08.06.16 i sak Kommunestruktur
	Tilbakemelding – Jondal – Vedtak om kommunereform – Ny behandling i lys av kommuneloven
	Kommunereforma. Svar til Fylkesmannen med oversending av dokument.
	Kommunereforma. Oversending av vedtak til Fylkesmannen i Hordaland
	Kommunesamanslåing med Ullensvang og Jondal – Vedtak i Odda kommune 8. juni 2016
	Presisering– Kommunereforma Invitasjon til felles styringsgruppemøte
	Kommunereforma– Invitasjon til felles styringsgruppemøte
	Felles styringsgruppemøte mellom Ullensvang og Odda
	Kommunereforma og grunnlaget for Fylkesmannen si rapportering til Kommunal- og moderniseringsdepartementet
	Vurdering av folkerøystinga i Jondal kommune
	Magasina om kommunereforma – Hardanger i endring.
	Vedtaksbrev intensjonsavtalar om kommunesamanslåing med Voss og med Kvam/Jondal
	Referat frå møte om kommunereform Kvam, Jondal og Granvin
	Vedtak om folkeavrøysting i Granvin
	Nye tidsfristar i kommereformprosessen.
	Melding om vedtak HST– sak 032/16 Intensjonsavtale for etablering av ein ny kommune med utgangspunkt i Jondal og Kvam
	Intensjonsavtale Sør 10.03.2016
	Intensjonsavtale Sør 29.02.2016

	Intensjonsavtale mellom Jondal og Kvam- endeleg versjon.
	Tilskot til oppretting av prosjektstilling i samband med kommunereforma
	Intensjonsavtale for ny kommune Jondal og Kvam
	Intensjonsavtale Jondal Ullensvang Odda 22.02.16 endeleg utgåve
	Intensjonsavtale JUO 22.2.16 endeleg utgåve
	Intensjonsavtale JUO 22.2.16
	Utkast intensjonsavtale JUO 22.2.16
	Møteplan kommunestrukturprosessane
	Løypemelding kommunereformen til den lokale styringsgruppa 28.12.2015
	Utkast intensjonsavtale JUO 16. februar i møte
	Kommunestrukturmøte Utne 28 jan 2016 Styringsgruppene for kommunereforma i Ullensvang Jondal og Odda (440283) (2) (2)
	Kommunesamanslåing Odda, Jondal og Kvam ?
	Kommunereforma status desember 2015
	KOMMUNEREFORMA.
	Uttale frå eldreråda i Granvin, Eidfjord, Ullensvang og Ulvik
	Kommunereform – rapport frå utgreiinga.
	Referat frå samling om adressering og gardsnummerering i samannslåtte kommunar
	Invitasjon til temamøte om kommunereforma 9.juni 2015.
	Melding om vedtak frå Eidfjord kommune – utgreiing av nytt alternativ i samband med ny kommunestruktur
	Utgreiing av nytt alternativ Hardanger kommune – vedtak
	Brev frå Hardanger Kulturråd til Hardangerrådet

	Svar på brev om kommuneutgreiing i Hardanger
	Kommuneutgreiing i Hardanger – bed om Jondal kommune sitt syn
	Styringsgruppe for kommunereforma 040215
	Kommunereformen i Hordaland
	Ullensvang herad, melding om vedtak: Kommunestruktur. Arbeid med utgreiingar.
	Melding om vedtak – Kommunereformarbeid i Granvin. HS-067/14 vedtak
	Kommunereformen i Hordaland
	Mandat – kommunereformarbeidet
	Melding om vedtak : Arbeid med framtidig kommunestruktur.
	Nytt rundskriv (H- 8/14) til lov 15. juni 2001 nr 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser ( inndelingslova).
	Melding on vedtak HST-030/14 Kommunestruktur. Utgreiingsspørsmål. Heradstyret I Ullensvang 30. juni 2014
	Invitasjon til å delta i reformprosessen
	Oppmoding om mandat for KS Hordaland til medverknad i lokale og regionale prosessar i ei kommunereform.
	Saksutgreiing om kommunereforma frå Hardangerrådet

***Saka blir avgjort av:.***

Kommunestyret

***Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.***

Inndelingslova

Rundskriv til lov av 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) H – 8/14

Intensjonsavtale med Ullensvang herad og Odda kommune

***Saksopplysningar:***

**Kort om prosessen fram mot folkerøysting:**

Kommunereforma starta med kommuneproposisjonen i juni 2014. I Hardangerrådet var det samtalar om å gjera eit felles utgreiingsarbeid for dei 7 Hardanger-kommunane, men dette gjekk ein bort frå grunna signal frå dei tre kommunane i nord: Eidfjord, Ulvik og Granvin.

I Jondal kommune vart det etablert ei styringsgruppa for kommunereformarbeidet som har vore samansett av ordførar og gruppeleiarane frå dei fire politiske partia som er representerte i kommunestyret; SP, KrF, H, AP.

Etter møte mellom ordførarane og rådmennene i Odda kommune, Ullensvang herad, Jondal kommune og Kvam herad, vedtok styringsgruppa at Jondal kommune tok del i å utarbeida to administrative utgreiingar om ny kommunestruktur: Ei utgreiing for Ullensvang, Odda og Jondal, og ei utgreiing for Odda, Jondal og Kvam. Alle utgreiingane for dei 7 Hardangerkommunane vart presenterte for alle kommunestyra og tillitsvalde i Eidfjord 22.juni 2015.

Ordførar (SP), varaordførar (KrF) og ein representant frå opposisjonspartia (gruppeleiar AP) vart forhandlingsutval og forhandla fram to intensjonsavtalar, den eine med Kvam herad, den andre med Ullensvang herad og Odda kommune. Ordførar deltok i utarbeiding ein tilleggsavtale med Granvin herad når det galdt samanslåing med Kvam herad.

Kommunestyret vedtok i møte 24. februar 2016 i sak 016/16 å halde rådgjevande folkerøysing. Kommunestyre vedtok intensjonsavtalane i sak 024/16 den 16. mars 2016, etter innstilling frå Styringsgruppa.

Det har vore halde 2 folkemøte om kommunereforma. 2. mars 2016 for å opplyse om prosessen og arbeidet fram til den dagen. 12 mai 2016 var det nytt møte på Jonsvoll for å diskutera saka med innbyggjarane. Det var svært godt frammøte og stort engasjement på begge møta. Aldersgrensa for røysteføre vart sett til 16 år i valåret 2016 og det vart arrangert møte for dei under 26 år på Jondal hotel 7.5.16.

I samarbeid med Ullensvang herad, Odda kommune og Kvam herad, vart det publisert informasjonsaviser. Alle husstandar i Jondal kommune fekk ei informasjonsavis med begge alternativa, medan det i Ullensvang og Odda vart sendt ut ei informasjonsavis om Jondal, Odda og Ullensvang.

#### Resultat av folkerøysting:

23.mai 2016 vart det halde rådgjevande folkerøysing i Jondal kommune, med fylgjande resultat:

Valdeltaking: 70,64 % .

Jondal som eigenkommune:	325 røyster - 50,39%
Samanslåing av Odda, Ullensvang og Jondal	256 røyster - 39,69%
Samanslåing av Kvam og Jondal	61 røyster - 9,46%
Blank	3 røyster - 0,47%
Til saman	645 røyster - 100%

Resultatet av «andrevalet» vart:

Primært alternativ	Jondal som eigen kommune	Odda, Ullensvang og Jondal	Kvam og Jondal
<b>Sekundært alternativ</b>			
Jondal som eigen kommune	XXXXXXXX	93	23
Odda, Ullensvang, Jondal	146	XXXXXXXX	31

Kvam og Jondal	73	65	XXXXXXX
Ikkje kryssa for sek. alternativ	106	98	7

Slik rådmannen ser det vart Sekundæralternativet sett på som nyttig informasjon dersom resultatata frå dei tre alternativa skulle bli omtrent like.

#### Det sekundære ynskte:

214 røyster blanke (211+ 3 blanke primærrøyster)(33,17)

177 røyster Ullensvang, Odda og Jondal (27,44%)

138 røyster Kvam og Jondal (21,39)

116 røyster Jondal som eigen kommune (17,98%)

645 røyster til saman

#### Om Inndelingslova:

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser har som føremål i § 1 «å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innanfor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og nærlingslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Verksemda etter denne lova skal byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar.»

I § 2.5.2 om vurderinga, går det fram av Ot.prop nr. 41 (2000 – 2001) at for fastsetjingssaker vil det vere mest aktuelt å innhente opplysningar frå ulike kjelder som er rekna opp, og ikkje relevante for vår sak. Det står vidare i rundskriv til Lov av 15. juni 2001 nr 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) H – 8/14, dagsett 26.9.2016 at Inndelingslova ikkje seier noko om kor stor vekt ein skal leggje på dei ulike momenta i ei grensefastsetjingssak. Avgjera i den einskilde saka må skje på grunnlag av ei skjønsmessig heilskapsvurdering.

I Meld.St. 14 (2014 – 2015) heiter det under punkt 1»Meir makt og myndighet til kommunene» at det er «bred politisk enighet om hovedlinjene i reformen: behovet, målene og oppstart av de lokale prosessene høsten 2014. ...Flertallet forventer at kommunene på en god måte fra starten av en slik prosess involverer innbyggere, organisasjoner og ansatte på en god måte.....at det skal være reell frivillighet for de kommunene som deltar i sammenslåingsprosesser.... Dersom kommuner etter en helhetlig vurdering og etter å ha innhentet synspunkter fra sine innbyggere konkluderer med at sammenslåing ikke er aktuelt på det nåværende tidspunkt, er dette en konklusjon flertallet mener må respekteres. Unntak fra dette frivillighetsprinsippet vil likevel kunne være aktuelt i helt spesielle situasjoner der enkeltkommuner ikke må kunne stanse endringer som er hensiktsmessige ut fra regionale hensyn».

Samanslåing er i § 3 definert på fylgjande måte: «Samanslåing inneber at to eller fleire kommunar eller fylke vert slått saman til ei ny eining».

Regjeringa legg opp til at alle samanslåingsvedtak etter 2015 etter planen skal leggjast fram i ein samleproposisjon for Stortinget våren 2017.

Kapittel 3 gjev reglar om initiativrett, og hjå oss låg initiativet i eit kommunestyrevedtak av 3.februar 2016 (KS sak 012/16).

§ 10 omhandlar innbyggjarhøyring: Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring (inkl. samanslåing). Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte. Kapittel 6 gjev reglar om gjennomføringsfasen og etter vedtak i kommunestyret skal fylkesmannen snarast mogeleg kalla saman til eit felles møte med kommunestyra. I § 26 er det bestemt at det skal opprettast ei såkalla fellesnemnd ved kommunesamanslåingar. Ei kommunesamanslåing inneber at dei opphavlege kommunane rettsleg sett opphøyrer, samstundes som det vert etabelt ein ny kommune – ei ny eining. Ei kommunesamanslåing i seg sjølv gjev ikkje grunnlag for oppseiing av tilsette. Spørsmål om overtal vil verta aktuelle. Det er viktig at det vert utarbeidd gode retningslinjer for korleis slike spørsmål skal handsamast.

#### Om Nytt inntektssystem for kommunane (Kommuneprop. 2017).

Framlegget har vore på høyring, og 21. april 2016 vart det inngått avtale mellom Høgre, Framstegspartiet og Venstre i Stortinget om nytt inntektssystem, denne ligg til grunn for Kommuneproposisjonen 2017.

Basistilskotet på kr13,2 mill som kvar kommune har fått til drift kvart år, vil frå 2017 bli halvert til om lag 6,6 mill kr. Den andre halvdel vil bli gradert etter kommunen sin strukturverdi, som er avstanden i kilometer i gjennomsnitt for innbyggjarane i kommunen for å nå 5000 innbyggjarar, uavhengig av kommunegrenser. Grenseverdien som vert lagt til grunn er 25,4 km, medan Jondal kommune har ein grenseverdi på 30,2 og vil få heile basistilskotet på 13,2 mill. Jondal kommune har tidlegare fått eit Småkommunetillegg på vel 5 mill kr. pr år. Dette er no omgjort til eit småkommunetillegg. I framlegget (Kom.prop. 2017) vil Jondal kommune få same tilskotet som før, grunna distriktsindeksen (27). I tillegg vil Jondal kommune i 2017 få eit veksttilskot på 259.000.– ( Befolkningsvekst 2013 – 2016 på 1,82%). Dette er eit tilskot som Jondal kommune har fått også i 2015 og 2016, men då under 50.000 kroner. Dette tilskotet kan ikkje Jondal kommune rekna med å få vidare. Der ligg soleis ikkje inne vesentlege endringar for Jondal kommune når det gjeld rammetilskotet frå staten.

#### ***Vurdering:***

Signala frå Stortinget går på at innbyggjarane skal involverast og høyrast, noko det er tradisjon for i Noreg. Jondal kommunestyre har samla gått inn for å ha ei rådgjevande folkerøysting og teke stilling til korleis røystesetelen skulle utformast.

Skal rådmannen gje ei vurdering av resultatet, er den slik at fleirtalet av dei som deltok i rådgjevande folkerøysting i Jondal kommune har synt eit ynskje om at Jondal kommune skal halda fram som eigen kommune.

325 røysta for å halda fram som eigen kommune. Dette er 10,7% fleire røyster enn det nest største alternativet som var samanslåing med Ullensvang og Odda (256 røyster), og utgjer ein prosentvis differanse på 21, 23%. Rådmannen tolkar dette som eit aksept frå innbyggjarane om å halda fram som eigen kommune.


Det er rådmannen si vurdering at dei økonomiske føringane frå staten gjer dette mogeleg. Jondal har definisjonen «ufrivillig liten» og ein distriktsindeks på 27 (graden av distriktsutfordringar i ein kommune som går frå 0 til 100, der 0 – 35 gjev høgast sats; kr. 693.– pr innbyggjar i distriktstilskot Sør-Noreg 2016, sjå s. 92 i Kommuneprop. 2017).

Jondal kommune har i dag fleire samarbeidsrelasjonar med nabokommunane i Hardanger, og er avhengig av det. Samarbeidet kan utvidast i samband med nye oppgåver frå staten. Intensjonsavtalane og den administrative utgreiinga kan vera retningsgjevande for nye samarbeidsområde. Det ser ikkje ut til at nokon av nabokommunane våre vil kunna bli så store at ikkje interkommunalt samarbeid framleis vil vera aktuelt.

Med utgangspunkt i interkommunalt samarbeid, vurderar rådmannen at det er realistisk at Jondal kommune kan halda fram som eigen kommune med omsyn til tenestetilbodet. Oppgåvene med å vera ein demokratisk arena, samfunnsutviklar og forvaltar meiner rådmannen også kan innfriast som eigen kommune.

Jondal kommune står ikkje i vegen for realisering av ei kommunesamanslåing mellom Odda kommune og Ullensvang herad, korkje historisk, geografisk eller kommunikasjonsmessig.


## Primærval - grafisk



Sekundærvalet til innbyggjarane skulle kunna gje kommunestyret ei retning om stemmetala vart like for dei 3 alternativa. Sekundærrøystene kan analyserast og vera av interesse, men berre som ein tilleggsinformasjon utan å kunna slåast saman med primærstemmene, slik rådmannen ser det. Det er å merkja seg at 33,17 % ikkje signaliserte ei retning ved å røysta blankt. Medan 27,44 % hadde eit sekundært ynskje om å slå Jondal kommune saman med Ullensvang og Odda.

256 har røysta for samanslåing med Ullensvang og Odda (39,69% av primærrøystene – nest størst resultat). 65 av desse har sekundært røysta for samanslåing med Kvam, medan 93 røysta for at Jondal kommune skal halda fram åleine, og 98 røyster var blanke. Rådmannen kan ut av sekundærrøystene ikkje sjå at det mellom dei som har røysta for samanslåing med Ullensvang og Odda har vore stor iver for kommunesamanslåing.

# Sekundærvalet



## Eit politisk val

Folkerøystinga var rådgjevande. Det vil sei at kvart medlem i kommunestyret står fritt til å fylgja rådet frå innbyggjarane. Det er opp til fleirtalet i kommunestyret og slik dei einiskilde medlemmene i kommunestyret å gjera si eiga vurdering av kommunereformsaka og vektlegginga av folkerøystinga. Deira vurdering vert då ei personleg politisk vurdering, som rådmannen vil respektera.

## 08.06.2016 Kommunestyret

### Framlegg frå ordførar Jon Larsgard, Sp:

Som rådmannen sitt alternativ A.

Med bakgrunn i resultatet frå folkerøysting 23.5.16 held Jondal kommune fram som eigen kommune. Grunngevinga for dette er:

- Ei valdeltaking på 70, 64% og eit fleirtal på 50,39% som røysta for å halda fram som eigen kommune. 39,69% røysta for å slå Jondal kommune saman med Ullensvang herad og Odda kommune. Differansen var på 10,7% av røystene. Reknar ein dette om i prosent, skilde 21,23% mellom dei to største resultatata. Prosessen fram til folkerøystinga har vore prega av openheit, inkludering og engasjement.
- Med status som «ufrivillig liten» og ein distriktsindeks på 27, vil Jondal kommune ha uendra overføring frå staten etter endring av inntektssystemet.

Eit vedtak om å halda fram som eigen kommune vil ikkje koma i vegen for ei kommunesamanslåing mellom Odda kommune og Ullensvang herad.

### Framlegg frå Olav Magnus Hammer, Ap:

Jondal kommune slår seg saman med Odda kommune og Ullensvang herad frå 01.01.2020 i tråd med inngått intensjonsavtale mellom kommunane.

#### **Røysting:**

Framlegget frå Jon Larsgard vart vedteke med 9 røyster (8Sp, 1Uavh.), framlegget frå Olav Magnus Hammer fekk 8 røyster (3Ap, 3H, 2Krf), og vart ikkje vedteke.

#### **KS- 038/16 Vedtak:**

Som rådmannen sitt alternativ A.

Med bakgrunn i resultatet frå folkerøysting 23.5.16 held Jondal kommune fram som eigen kommune. Grunngevinga for dette er:

- Ei valdeltaking på 70, 64% og eit fleirtal på 50,39% som røysta for å halda fram som eigen kommune. 39,69% røysta for å slå Jondal kommune saman med Ullensvang herad og Odda kommune. Differansen var på 10,7% av røystene. Reknar ein dette om i prosent, skilde 21.23% mellom dei to største resultatata. Prosessen fram til folkerøystinga har vore prega av openheit, inkludering og engasjement.
- Med status som «ufrivillig liten» og ein distriktsindeks på 27, vil Jondal kommune ha uendra overføring frå staten etter endring av inntektssystemet.

Eit vedtak om å halda fram som eigen kommune vil ikkje koma i vegen for ei kommunesamanslåing mellom Odda kommune og Ullensvang herad.

#### **Nye opplysningar i saka**

#### **Oversending av vedtak til Fylkesmannen i Hordaland**

Jondal kommunestyre sitt vedtak i møte 8. juni 2016 vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland 29.06.2016.

#### **Gruppemøte med ordførar.**

27. september 2016 hadde gruppeleiarane i dei 4 politiske partia i Jondal kommunestyre, representert ved Lars-Arne Eide (H), Reidun Haugen Dalseth (KrF), Olav-Magnus Hammer (Ap) og Magnar Sollesnes (Sp), møte med ordførar Jon Larsgard.

I referatet heiter det:

«Alle er samde om at ein tek saka opp til handsaming i eit eige møte, der saksdokument er utsende på førehand. Ein fastset eit ekstraordinært kommunestyremøte til den 5.10.2016. Dette kravet vert reist i kommunestyremøte 28.09. Innkalling med alle tilhøyrande dokument skal sendast ut seinast 5 dagar før møtet.»

#### **Presisering om prosessen frå Kommunal og moderniseringsdepartementet:**

19.august 2016 skriv Kommunal- og moderniseringsdepartementet på nettsida si: Regjeringen har lagt til rette for ein brei og grundig prosess rundt kommunereforma både i Stortinget og i kommunane. Det nye kommunekartet skal bli til gjennom regionale og lokale prosessar, der kommunane sjølv kan diskutera kva kommunar dei ynskjer å slå seg saman

med.

### **KMD utvidar tidshorisonen**

Det heiter vidare at kommunar som ikkje er heilt ferdige med prosessen vil få høve til å fullføra prosessen i løpet av hausten og koma med i regjeringa sitt forslag til endringar i kommunestrukturen våren 2017. Kommunane bør ha fatta sine vedtak innan årsskiftet 2016. Kommunen sitt vedtak skal sendast fylkesmannen, som handsamar slike i tillegg til tilrådinga av 1. oktober. Fylkesmannen har også rom for å beskriva kommunar som er på veg i si tilråding.

Alle kommunar som blir slått saman i reformperioden, dvs at det vert fatta nasjonalt vedtak i løpet av 2017, vert handsama likt når det gjeld eingangskostnader, reformstøtte og inndelingstilskot, jmf. Kommuneproposisjonen 2015. Dette omfattar fullt basistilskot på 2016-nivå fram til sammanslåing gjennom ei eigen overgangsordning, og nivået på basistilskotet i 2016 dannar grunnlaget for berekning av inndelingstilskotet som varer i 15 år med nedtrapping over ytterlegare 5 år.

### **Granvin herad:**

Granvin herad har gjort vedtak om å slå seg saman med minst 2 av kommunane i Hardagner (Ulvik, Eidfjord, Ullensvang). Som prioritet nr 2 har dei samanslåing med Voss kommune.

### **Kvam herad:**

Alternativet med samanslåing med Kvam herad fekk ingen røyster i kommunestyremøtet 8. juni 2016. Kvam herad er framleis positive til kommunesamanslåing.

### **Nytt vedtak i Ullensvang herad:**

Ullensvang heradstyre handsama 19. september 2016 kommunereformsaka på nytt, etter ynskje frå Fylkesmannen i Hordaland om eit klart vedtak i kommunereformarbeidet innan 1.10.2016. Styringsgruppa i Ullensvang handsama saka og sende slikt slikt framlegg til vedtak til rådmannen som gjekk vidare til heradstyret:

«Ullensvang heradstyre vedtek å byggja ein ny Ullensvang kommune saman med Jondal og Odda kommunar med basis i underskriven intensjonsavtale og med verknad frå 01.01.2020.» Framlegget vart vedteke med 19 mot 2 røyster.

### **Fylkesmannen i Hordaland sitt møte 13.09.2016:**

Fylkesmannen i Hordaland gav uttrykk for at han ikkje ville tilrå tvangssamanslåing av kommunar i sitt brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet med frist 1.10.2016. Han sa også at han ynskte seg store, sterke kommunar rundt Bergen, og sakna ein slik kommune aust for Bergen. Han såg for seg at Ullensvang Herad, Odda kommune og Jondal kommune ville vera ein god kommune, og gav også uttrykk for at han trudde der kom eit trinn 2 av kommunereforma, der det kunne verta realisert.

### **Kontroll og konstitusjonskomiteen på Stortinget.**

Kommunalminister Jan Tore Sanner som er ansvarleg for fylkesmennene har fått spørsmål frå Kontrollkomiteen på Stortinget om fleire fylkesmenn som prøver å overprøva kommunale vedtak når det gjeld kommunesamanslåing. Truleg har komiteen motteke svar frå kommunalministeren innan vårt kommunestyremøte onsdag 5.10.2016.

**Tilråding frå rådmann:**

**TRE ALTERNATIVE TILRÅDINGAR FRÅ RÅDMANNEN:**

- A. Med bakgrunn i resultatet frå folkerøysting 23.5.16 held Jondal kommune fram som eigen kommune. Grunngevinga for dette er:
- Ei valdeltaking på 70, 64% og eit fleirtal på 50,39% som røysta for å halda fram som eigen kommune. 39,69% røysta for å slå Jondal kommune saman med Ullensvang herad og Odda kommune. Differansen var på 10,7% av røystene. Reknar ein dette om i prosent, skilde 21.23% mellom dei to største resultatata. Prosessen fram til folkerøystinga har vore prega av openheit, inkludering og engasjement.
  - Med status som «ufrivillig liten» og ein distriktsindeks på 27, vil Jondal kommune ha uendra overføring frå staten etter endring av inntektssystemet.
  - Eit vedtak om å halda fram som eigen kommunevil ikkje koma i vegen for ei kommunesamanslåing mellom Odda kommune og Ullensvang herad.
- B. Med bakgrunn i regjeringa sitt initiativ om kommunereform, vert det gjort vedtak om å senda søknad om kommunesamanslåing for Jondal kommune med Ullensvang herad og Odda kommune. Søknaden skal grunngjevast og ved søknaden skal det følgje ei skisse med framlegg til nye grenser, der offentlege godkjende kart skal nyttast. Ordførar får fullmakt til å omgjera intensjonsavtalen med Ullensvang herad og Odda kommune til ein bindande avtale.
- C. Med bakgrunn i regjeringa sitt initiativ om kommunereform, vert det gjort vedtak om å senda søknad om kommunesamanslåing for Jondal kommune med Kvam herad, og eventuelt Granvin herad. Søknaden skal grunngjevast og ved søknaden skal det følgje ei skisse med framlegg til nye grenser, der offentlege godkjende kart skal nyttast. Ordførar får fullmakt til å omgjera intensjonsavtalen med Kvam herad til ein bindande avtale mellom Jondal kommune og Kvam herad. Dersom det er aktuelt at Granvin herad ynskjer å slå seg saman med Kvam herad og Jondal kommune, får ordførar fullmakt til å gjera tilleggsavtalen til ein gjeldande avtale.

Siv Helle Prestegard – rådmann

**05.10.2016 Kommunestyret**

**Framlegg frå ordføraren:**

Med bakgrunn i resultatet frå folkerøysting 23.5.16 held Jondal kommune fram som eigen kommune. Grunngevinga for dette er:

- Ei valdeltaking på 70, 64% og eit fleirtal på 50,39% som røysta for å halda fram som eigen kommune. 39,69% røysta for å slå Jondal kommune saman med Ullensvang herad og Odda kommune. Differansen var på 10,7% av røystene. Reknar ein dette om i prosent, skilde 21.23% mellom dei to største resultatata. Prosessen fram til folkerøystinga har vore prega av openheit, inkludering og engasjement.
- Med status som «ufrivillig liten» og ein distriktsindeks på 27, vil Jondal kommune

ha uendra overføring frå staten etter endring av inntektssystemet.

- Eit vedtak om at Jondal held fram som eigen kommune vil ikkje vera til hinder for den vedtekne samnslåinga mellom Odda kommune og Ullensvang herad.

**Fellesframlegg frå Arbeidarpartiet, Høgre og Kristeleg folkeparti:**

Jondal kommune slår seg saman med Odda kommune og Ullensvang herad frå 01.01.2020 i tråd med inngått intensjonsavtale mellom kommunane.

**Framlegg frå Terje Grøtt, Sp:**

Saka om framtidig kommunestruktur vert utsett til det er gjennomført ny folkerøysting med to alternativ, Jondal som eigen kommune eller samanslåing med Odda og Ullensvang. Kommunestyret må følgje folkerøystinga sitt resultat.

**Røysting:**

Framlegget frå Terje Grøtt fekk 8 røyster og fall.

Fellesframlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre og Kristeleg folkeparti vart vedteke med 9 røyster. Framlegget frå ordføraren fekk 8 røyster og fall.

**KS- 065/16 Vedtak:**

Jondal kommune slår seg saman med Odda kommune og Ullensvang herad frå 01.01.2020 i tråd med inngått intensjonsavtale mellom kommunane.